



Informasjon om korleis du søker om fritak frå teieplikta

Statsforvaltaren i Vestland behandlar søknadar om fritak frå teieplikt for vitne og dokument. Vi ønskjer å informere om regelverket, søknadsprosessen og kva ein søknad må innehalde. Det er utarbeidd eit elektronisk skjema for søknad om fritak frå teieplikt, som vi oppmodar om å bruke.

[Skjemaet finn du ved å følgje denne lenkja.](#)

Kven vi kan fritta frå teieplikt

Når tilsette i barnehagar, skular og barnevern-, sosial-, og helsetenester skal forklare seg for politi eller domstol, krevst det fritak frå teieplikta.

Vårt heimelsgrunnlag er [tvistelova § 22-3](#) og [straffeprosesslova § 118](#) og [§ 230](#). Vi kan berre nekte å fritta frå teieplikta når det kan utsetje staten eller allmenne interesser for skade eller verke urimeleg overfor den/dei som har krav på hemmelegald. Vi kan fritta vitne og dokument frå teieplikta om det er nødvendig for politiet si etterforsking av ei straffesak. Vi kan òg samtykke til at vitne og dokument blir fritatt frå teieplikta og kan førast som bevis for domstolen, både i straffesaker og sivile saker.

For nokre yrker gjeld særskilt bevisforbod

For nokre yrker gjeld det eit særskilt bevisforbod, sjå [straffeprosesslova § 119](#) og [tvistelova § 22-5](#). Av tilsette i helsetenestene gjeld dette legar, psykologar, sjukepleiarar, apotekarar og jordmødrer. Berre dei som har krav på hemmelegald kan samtykke til at dei forklarar seg utan hinder av teieplikta.

Dei som ikkje er nemnd i desse reglane, vil i dei fleste tilfella kunne forklare seg for politi og domstol viss dei er fritakne frå forvaltningsmessig teieplikt. Sjå [tvistelova § 22-3](#) og [straffeprosesslova § 118](#) og [§ 230](#).

Ingen søknad ved samtykke

Den som har krav på teiing kan sjølv samtykke til at dei teiepliktige opplysningane blir lagt fram, jf. [forvaltningslova § 13 a nr. 1](#). Politi og advokat må difor først prøve å få eit samtykke frå den eller dei som har krav på hemmelegald, dersom dette ikkje påverkar pågåande etterforsking eller straffesak. For barn er det foreldre med foreldreansvar som kan samtykke. Som hovudregel krevst det samtykke frå begge, eventuelt frå verje.

Send søknad i god tid

Fullstendig søknad må vere sendt til oss så tidleg som råd, helst innan tre veker før saka skal for retten, eller før politiavhøyr.

Søknaden må innehalde

- namn, fødselsdato, stilling og arbeidsstad for vitne
- namn på partane i saka og fødselsdato
- kva saka gjeld, kva vitnet skal forklare seg om og kvifor det er relevant for saka
- opplysningar om kvifor det ikkje ligg føre samtykke frå den som har krav på hemmelegald
- dato for forklaring og kva instans vitnet skal forklare seg for
- saksnummer for domstolen og tidspunkt for rettssaka
- uttale frå vitne og leiaren til vitnet, om dei har innvendingar mot forklaring

Søknad om fritak for dokument

Ved søknad om fritak for dokument må du konkretisere kva dokument du treng og kvifor. Du sender søknaden til oss og vi vurderer om vilkåra for å fritta frå teieplikta er oppfylte. Viss vi fritar dokumentet sender vi kopi av vår avgjerd til tenesta som har utarbeidd dokumentet. Du må kontakte tenesta aog be om å få framlagt dei aktuelle opplysningane.

Tenesta må vurdere kva opplysningar som er omfatta av vårt fritak frå teieplikt og ta vekk dei som ikkje er omfatta.

Fritak gjeld etterforsking og rettegang

Vårt samtykke gjeld som hovudregel både under etterforskinga og eventuell framtidig rettargang i saka.

Barnevernstilsette treng ikkje fritak for å uttale seg i barnefordelingsaker

I barnefordelingsaker treng ikkje Statsforvaltaren frita barnevernstilsette frå teieplikta.

Barnevernstenesta kan uhindra av teieplikta gi opplysningar til domstolen, sjå [barnelova § 61a](#).